


# Ny IA-avtale 2025 - 2028

OU 406 — Kurs for HTV / lokallagsleiarar

Molde — 12.-13. mars 2025



# Ny IA-avtale signert 12. februar

- Etter ein **SVÆRT** trang fødsel vart ny IA-avtale for fire nye år signert av sentrale partar 12. februar
- Partane er:
  - Regjeringa v. arbeids- og inkluderingsministeren
  - Arbeidstakarsida v. hovudsamanslutningane Unio, **LO**, YS, Akademikerne
  - Arbeidsgjevarsida v. KS, **NHO**, Virke, Staten, Spekter



Unio-lederen signerer ny IA-avtale i dag. Foto: Henrik Dahle / Unio

# Ved inngangen til forhandlingar om ny avtale....

- Målet i forrige IA-avtale var å få ned fråværet med 10 prosent sammenlikna med nivået i 2018.
- Hadde vi nådd måla om sjukefråvær sett i gjeldande avtale??

Tvert i mot:

- Sjukefråværet hadde auka sidan forrige IA-avtalen vart signert. Sidan 2018 hadde sjukefråværet i Norge auka med 26 prosent.
- Med dette bakteppet gjekk ein inn i forhandlingane....

## Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv

### Et arbeidsliv med plass for alle

1. januar 2019 - 31. desember 2022

Den norske arbeidslivsmodellen har gitt gode resultater for sysselsetting, produktivitet, omstillingsevne og et lærende arbeidsliv. I Norge arbeider de fleste under gode og forsvarlige arbeidsforhold. På mange arbeidsplasser jobbes det godt og systematisk med å forebygge og redusere sykefravær og frafall, og mange tar også et stort samfunnsansvar ved å bidra til integrering og inkludering i arbeidslivet.

**Målet er å legge til rette for at så mange som mulig kan arbeide så mye som mulig, så lenge som mulig**

Arbeidskraften er Norges viktigste ressurs. Høy sysselsetting er grunnlaget for å opprettholde et bærekraftig velferdssamfunn, samtidig som det er av stor betydning for den enkelte å være i jobb. Trepartssamarbeidet om et mer inkluderende arbeidsliv skal bidra til høy sysselsetting og mobilisering av arbeidskraft gjennom å forebygge og redusere sykefravær og frafall fra arbeidslivet.

#### IA-avtalen setter arbeidsplassen i sentrum

Avtalens innsatsområder, organisering og virkemidler skal støtte arbeidet som ledere, tillitsvalgte, verneombud og ansatte gjør i den enkelte virksomhet. Det handler om et godt forebyggende arbeidsmiljø- og sykefraværarbeid, men også om å være tidlig ute med kartlegging, drøfting og innsats for kompetanseheving. Virksomhetenes arbeid og innsats innenfor disse områdene bidrar til å forebygge og redusere sykefravær og frafall og legger til rette for inkludering. Trepartssamarbeidet skal understøtte og muliggjøre oppfølging og resultater i den enkelte virksomhet. For å oppnå målene for avtalen, må innsats og virkemidler på alle nivåer bygge på relevant kunnskap.

#### Arbeidslivet er i kontinuerlig endring

Store endringer som teknolog utvikling, klimautfordringer, internasjonalisering, endring i næringsstruktur, innvandring og aldring av befolkningen vil påvirke arbeidslivet og kompetansebehovene i samfunnet i årene framover. Å møte disse utviklingstrekkene krever en helhetlig innsats gjennom trepartssamarbeidet.

#### Et helhetlig samarbeid

Et godt samarbeid mellom partene, både trepartssamarbeid på samfunnsnivå og topartssamarbeid på arbeidsplassene, er det viktigste verktøyet i inkluderingsarbeidet. IA-avtalen må sees i sammenheng med øvrige prosesser som omhandler kompetanse, sysselsetting og inkludering. Partene samarbeider godt om utdannings- og kompetansepolitikken og arbeids- og velferdspolitikken, og bidrar aktivt i regjeringens satsinger på integrering og inkludering.

# Hausten 2024....



inkluderande  
arbeidsliv

- Gjeldande plan då hadde vart i 6 år. Først ordinær periode frå 2019 — 2022, så prolongert etter pandemien for to nye år, altså gjeldande ut 2024
- Planen var å få på plass ein ny avtale i god tid før den gamle gjekk ut ved nyttår
- Forhandlingane starta i september, og skulle etter planen vere på plass ved utgangen av oktober
- Fleire utsetjingar før statsråd Tonje Brenna måtte erkjenne at avstanden mellom partane var for stor
- Brotet var eit faktum 4. desember 2024



# Useme mellom organisasjonane??

- Forhandlingane fekk ein svært uheldig start ved at både LO og NHO gjekk ut med sine bastante standpunkt FØR forhandlingane starta
- LO hadde eit krav om at ein avtale skal vere på fire år, og at sjukelønsordningane skal vere freda gjennom heile den perioden
- NHO stilte krav om at partane MÅ vere villege til å sjå på sjukelønsordningane i løpet av perioden, og ville berre gå med på ein avtaleperiode på to år
- Konflikten dreia seg altså om korleis og i kva periode avtalen skulle sikre at regjeringa ikkje kunne fremje forslag til endringar i sjukelønsordninga utan at det var semje med partene.



- NHO og LO sine ultimatum tidleg i forhandlingane var ein stor del av årsaka til at forhandlingane om ein ny IA-avtale braut saman
- LO stod steilt på at dei ikkje kunne godta noko anna enn ein fireårig avtale
- Unio kom med framlegg om ein tre-årig avtale, - noko som ville vere betre enn ingen avtale
- I Debatten i NRK kunne det sjå ut som Unio var samd med arbeidsgjevarsida, altså ville gå inn for endringar i sjukelønsordningane
- Det stemmer ikkje!!



Da Fredrik Solvang ba representanter for næringslivet og fagforeninger vise om de var enige med LOs ultimatum om å frede sykelønsordningen i fire år, stilte selv fagforeningene seg bak NHO.

# Kva er konsekvensen om vi ikkje lukkast med å nå måla i IA-avtalen?

- Den viktigaste føresetnaden i alle avtalane sidan vi fekk den første i 2001 har vore å redusere sjukefråværet
- Så lenge ein avtale er gjeldande har regjeringa forplikta seg til å ikkje føreslå endringar i sjukelønsordninga
- Risikoen om vi ikkje lukkast i å få ned sjukefråværet er endringar i sjukelønsordningane
- Det kan vere karensdagar, reduserte ytingar, ikkje garanti om full løn i 52 veker.....



inkluderende  
arbeidsliv

# Ny IA-avtale 2025 - 2028

- Partane tok opp igjen forhandlingane og kom til semje om ny avtale 12.februar
- Partane er samde om konkrete tiltak for eit lågare sjukefråvær og hindre fråfall frå arbeidslivet dei neste fire åra.
- Partane er opptekne av god trepartsdiallog og viser til at endringar i sentrale velferdsordningar skal baserast på breie forlik
- Målsettinga er å finne tiltak som kan:
  - få ned sjukefråværet
  - sørge for at fleire kjem inn i arbeid
  - gjere at færre fell ut av arbeidslivet

Ny IA-avtale





# Kva vert vidareført i ny IA-avtale?

- Arbeidsmiljøsatsinga skal vidareførast
- Trepertssamarbeidet skal framleis vere bærebjelken i arbeidet på arbeidsplassnivå og fokuset skal framleis vere på det som kan gjerast på den enkelte arbeidsplass
- Det skjer ved at leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette saman jobbar godt og systematisk med å førebygge og redusere sjukefråvær og fråfall
- Arbeidet med bransjeprogram skal halde fram, og nye bransjeprogram skal kome til
- Nav arbeidslivssenter skal framleis vere sentral i oppfølging av arbeidet



# Kva er nytt?

- etablere eit prosjekt for å styrke fastlegane si rolle i sjukefråværsarbeidet, og auke helsekompetansen i befolkninga
- vurdere eit digitalt samhandlingsrom for enklare og betre informasjonsdeling mellom aktørane i sjukefråværsoppfylgginga
- utvikle betre og meir konkret informasjon og rettleiing frå Nav til arbeidsgjevarar og arbeidstakarar
- tydeliggjere arbeidsgjevar si tilretteleggingsplikt og førebyggingsansvar, og vurdere korleis desse kan forsterkast
- starte eit lovarbeid om medverknads- og aktivitetsplikta til den sjukmelde
- ei mogleg haldningskampanje for å bevisstgjering om mellom anna vilkår for sjukepengar, plikter og rettar ved sjukefråvær
- hente inn meir kunnskap om mellom anna sjukefråvær, fråfall og innretninga av sjukepengeordninga
- bransjeprogramma skal setje eigne mål for reduksjon i sjukefråvær



# Den nye IA-avtalen legg opp til:

- Meir arbeid med arbeidsmiljø for å førebygge sjukdom
- Betre sjukefråværsoppfølging av arbeidstakarar og meir vekt på pliktene alle har
- Forsterka innsats på den enskilde arbeidsplass
- Innhenting av meir kunnskap om sjukefråvær og tiltak som kan forhindre at så mange fell ut av arbeidslivet. Bruke 2025 og 2026 til ei brei kunnskapsinnhenting om sjukefråværet, basert på den kunnskapen bruke 2027 og 2028 til å diskutere behov for justering og iverksetjing av eventuelle nye tiltak




# Konkrete tiltak:

- forsterke den førebyggjande arbeidsmiljøinnsatsen, gjennom eksisterande og nye bransjeprogram, arbeidsmiljøinnsatsing i regi av Arbeidstilsynet, STAMI og NAV Arbeidsmiljøsentra
- betre sjukefråværsoppfølginga, mellom anna gjennom auka etterleving av pliktene i regelverket frå alle aktørar, dvs. arbeidstakarar, arbeidsgjevarar, sjukmeldar og NAV
- vere med på forsterka innsats på den enkelte arbeidsplass gjennom auka informasjons- og opplæringsaktivitet retta mot verksemdene
- auke kunnskapen om sjukefråvær, fråfall og verknadsfulle tiltak for å få ned fråværet



# Summeoppgåve

- Kva gjer folk sjuke?
- Arbeidsmiljø??
- For dårleg tilrettlegging??
- For dårleg førebygging??
- Andre arbeidsvilkår som spelar inn??
- — Vi treng betre og meir målretta oppfølging av arbeidstakarar som er sjukmelde for å hindre at dei fell ut av arbeidslivet.



# MEN:

## - Sjukelønsordninga er ute av IA-avtalen

Denne setninga er ikkje med i den nye avtalen:

- «Regjeringen vil ikke foreslå endringer i sykelønnsordningen i denne avtaleperioden, verken for arbeidsgivere eller arbeidstakere, med mindre partene er enige om det.»
- Dette punktet klarte ikkje partane å verte samde om, og det er difor ute av IA-avtalen. Vårt ynskje var klart å ha det med, men det fekk vi ikkje til, seier Geir Røsvoll







— Vi mener selvfølgelig at det kompromisset om å frede sykelønnsordningen i tre år, som Unio la på bordet, ville ha vært bedre, men er fornøyde med at vi fikk på plass en avtale som inneholder det partene kunne enes om, sier Geir Røsvoll, leder i Utdanningsforbundet. Foto: Harald Åker/Utdanningsforbundet

I den gamle IA-avtalen stod det at

«Regjeringen vil ikke foreslå endringer i sykelønnsordningen i denne avtaleperioden, verken for arbeidsgivere eller arbeidstakere, med mindre partene er enige om det.»

No står det følgjande:


«Partene er opptatt av god trepartsdialog og viser til at endringer i sentrale velferdsordninger baseres på brede forlik.»

Hva er nytt i IA-avtalen?

# «Sjukelønsordninga er no plassert i Stortinget»


- Når denne setninga ikkje lenger står i avtalen, er spørsmålet om sjukelønn plassert i Stortinget.
- Det er no opp til politikarane å avgjere kva slags sjukelønsordning vi skal ha i Norge. Dei fleste partia har imidlertid sagt at dei vil frede sjukelønsordninga i den neste stortingsperioden, noko som kan ha vore med på å få partane tilbake til forhandlingsbordet.

Hva er nytt i IA-avtalen?



# Avtaleverket viktig for våre medlemmer

- Samstundes er det verdt å minne om at ein stor del av Utdanningsforbundet sine medlemmer er tilsette i stat eller kommune og er sikra full sjukeløn gjennom tariffavtalane
- Dei fleste andre tariffområde har også sjukelønsordningar nedfelt i tariffavtalane
- Dersom sjukelønsordningane i dei ulike tariffområda skal endrast, må det i så fall skje i samband med tariffoppgjera, der arbeidstakarorganisasjonane har streikerett



- «Vi må få ned sjukefråværet, men det må skje gjennom andre verkemiddel enn usosiale kutt som rammar sjuke menneske. For regjeringa det viktig å gi folk tryggleik, også hvis ein vert sjuk»

Tonje Brenna

